

Arkivnr: 2015/4446-9

Saksbehandlar: Ronny Skaar

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

Skisseprosjekt for Sentralbadet. Fylkeskommunal medfinansiering**Samandrag**

I sak 7/2016 fatta fylkesutvalet følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak gjennomføringa av eit skisseprosjekt for Sentralbadet som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til finansiering av skisseprosjektet når fordelinga av kostnadene er avklart.

Skisseprosjektet er no gjennomført (sjå vedlegg).

Som skissert i sak 7/2016 har skisseprosjektet ein kostnad på kr 4.500.000 eks. mva. I saka vart det vidare peika på at Bergen kommune ville vurderer om det eventuelt kunne skaffast medfinansiering frå andre aktørar, men at Hordaland fylkeskommune måtte vera budd på ei kostnad på inntil kr 2.250.000 for skisseprosjektet. Bergen kommune har ikkje lukkast å skaffa medfinansiering.

Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune i samsvar med tidlegare vedtak no løyver sin del av kostnaden med skisseprosjektet som eit tilskot til Bergen kommune.

Finansiering

I budsjettvedtaket 14. desember 2010 løyvde fylkestinget kr 6.000.000,- til prosjektet «Kunsthuss i Fartein Valens landskap». Tiltaket var initiert av Sveio kommune. Sveio kommunestyre fatta 22. september 2014 vedtak om å avslutta vidare arbeid med tiltaket. I brev av 24.10.2014 frå Kulturdepartementet, vart det statlege tilskotet, (samla 6 mill.), trekt attende. Løyvinga frå Hordaland fylkeskommune er avsett på disposisjonsfond. Fylkesrådmannen rår til at Hordaland fylkeskommune løyver sin del av skisseprosjektet for Sentralbadet frå dette fondet.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 2.250.000 til Bergen kommune som Hordaland fylkeskommune sin del av finansieringa av skisseprosjekt for Sentralbadet.
2. Disposisjonsfond 25699413 Kunsthuss i Fartein Valens landskap, vert redusert med kr 2.250.000.
3. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.780.00.14500 – Kulturbygg med regionale funksjonar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Skisseprosjekt for Sentralbadet, Bergen kommune - Rapport